

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 30.10.2018
Tidspunkt: 10.00-11.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Pilskog	Leiar	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Rita Jordal	Medlem	LO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Tom Knudsen	Nestleiar	NHO
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Fredrik Øsleby	Medlem	Lærlingrepr,

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
John Helge Gullaksen	Roald Steinseide	H

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsjef
Anne Sara Svendsen	Leiar Bedrift og formidling
Signe Ekeland	Spesialrådgjevar avd. Stord
Kristine Angelsen	Rådgjevar/jurist
Ann-Magridd Juvik	Sekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 46/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 47/18	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 9.10.2018	2018/679	
PS 48/18	Referatsaker (meldingar)		
PS 49/18	Ymse		
PS 50/18	Kvalitetsmelding skuleåret 2017/2018	2018/15114	
PS 51/18	Sak om tap av godkjenning som opplæringskontor	2014/24617	

PS 46/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.10.2018

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

PS 47/18 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 9.10.2018

Forslag til vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 9.10.2018 vart godkjent.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.10.2018

Vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 09.10.2018 vart godkjent med følgjande merknad: Rita Jordal frå LO møtte.

PS 48/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.10.2018

Det var ingen referatsaker.

PS 49/18 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.10.2018

Ingen saker.

PS 50/18 Kvalitetsmelding skuleåret 2017/2018

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek *Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2017/18* til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.10.2018

Roger Pilskog sette fram slikt forslag på vegne av LO:

«Yrkesopplæringsnemnda seier seg nøgd med at overgang frå Vg2 skule til læreplass gjeng fram i meldinga. Yrkesopplæringsnemnda vonar at slik informasjon no vert nytta til å dimensjonera det vidaregåande tilbodet meir rett»

Røysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda seier seg nøgd med at overgang frå Vg2 skule til læreplass gjeng fram i meldinga. Yrkesopplæringsnemnda vonar at slik informasjon no vert nytta til å dimensjonera det vidaregåande tilbodet meir rett»

PS 51/18 Sak om tap av godkjenning som opplæringskontor

Forslag til innstilling

Yrkesopplæringsnemnda rår til at opplæringskontoret i Austevoll blir fråtatt godkjenninga. Dersom opplæringskontoret i Austevoll vel å søkje om ny godkjenning, bør det skje i dialog med fylkeskommunen.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.10.2018

Roger Pilskog sette fram slikt forslag på vegne av LO:

«Yrkesopplæringsnemnda rår til at opplæringskontoret i Austevoll blir fråtatt godkjenninga.

Yrkesopplæringsnemnda syner til at styret i opplæringskontoret har gjort nokre vesentlege grep for å betre tilhøva. Nemnda vil difor oppmoda Fagopplæringsssjefen å freista ein dialog med ny leiing på opplæringskontoret, før han gjer vedtak. Ein slik dialog må gje klåre framsteg i dei punkta fylket syner til i saka innan 14 dagar, elles må vedtak snarast gjennomførast.»

Røysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda rår til at opplæringskontoret i Austevoll blir fråtatt godkjenninga.

Yrkesopplæringsnemnda syner til at styret i opplæringskontoret har gjort nokre vesentlege grep for å betre tilhøva. Nemnda vil difor oppmoda Fagopplæringsssjefen å freista ein dialog med ny leiing på opplæringskontoret, før han gjer vedtak. Ein slik dialog må gje klåre framsteg i dei punkta fylket syner til i saka innan 14 dagar, elles må vedtak snarast gjennomførast.»